
Fra: Jarle Landås
Sendt: 30. januar 2015 15:13
Til: Vidar Mjøs
Kopi: Håkon Zakariassen; Jon Askeland; Postmottak Radøy; Lisbeth Alvær; Tonje Nepstad Epland
Emne: SV: Fløholmen, 27 / 12, regulering.
Kategorier: ARKIVERT I FOKUS

Det medfører riktighet det som kom fram i avisen at en privat part ikke kan legge en reguleringsplan ut på høring. Dette krever et kommunalt vedtak. I Radøy er det hovudutval for plan, landbruk og teknisk som gjør vedtak om dette. Kommunestyret kan ikke delegere en slik myndighet til en privat part.

Dette betyr at det ikke er juridisk mulig at du legger ut reguleringsplanen til offentlig høring. Den aktuelle plansaken er avsluttet i Radøy kommune. Dialog om reguleringsplan for Fløholmen må således relatere seg til å starte prosess for en ny plansak. Dette vil vi selvfølgelig være behjelpelig med og er klar for å legge til rette for en god dialog.

Mvh

Jarle Landås

Rådmann Radøy kommune

Jarle.landas@radoy.kommune.no

Tlf. 56349020 / 40228215



Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]
Sendt: 29. januar 2015 11:49
Til: Jarle Landås; Jon Askeland
Kopi: Håkon Zakariassen
Emne: VS: Fløholmen, 27 / 12, regulering.

Til ordføreren og rådmannen.

Eg viser til meldinga nedafor.

Eg har ikkje fått svar, men i Strilen laurdag 24. januar er ei skriftleg utgreiing frå teknisk etat attgjeven.

I utgreiinga vert det vist til lover og reglar, fylkesmann og departement, og til kommunens delegasjonsreglement.

Etter dette skulle det vera rimeleg klart at kommuneleiinga bør sjå nærare på delegasjonreglementet og praktiseringa av dette.

Etter mitt skjønn vil ein kunna greia opp i flokane og leggja grunnlag for ein god dialog ved at eg sender plansaka på høyring. Deretter kan saka handsamast av dei kommunale planstyresmaktene (formannskapet og kommunestyret).

Eg tillet meg å be om ein kommentar til dette arbeidsopplegget.

Mvh
Vidar Mjøs
Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg 7b, 5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55598262 mob 90788921

Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]

Sendt: 15. januar 2015 13:27

Til: 'Tonje Nepstad Epland'

Kopi: 'Håkon Zakariassen'; 'Lisbeth Alvær'; 'Garen Ingelin'; 'Lillebø Sindre'; 'Kjersti Flatråker'

Emne: SV: Fløholmen, 27 / 12, regulering.

Eg takkar for avklarande svar.

I gårsdagens epost skriv Statens vegvesen :

Vedr. Fløholmen.

Statens vegvesen har status som høringsinstans i denne saka. Vi har gjeve vår uttale og det ligg ikkje føre noko nytt som endrar på vårt syn.

Saka har i alt 41 dokument registrert på saksnr. 2010229988. Eg vil tru Dokumentasjonssenter vest (arkivet vårt) kan være behjelpeleg med eventuelle kopiar.
Tlf. 55 51 62 21 eller 55 51 61 03. (Bergen) alternativt 57 65 58 58.

Med helsing
Ingelin Garen

For å kunna kommunisera med høringsinstansen må planframlegget sendast på høyring.

Framlegg til tekst i følgjeskriv :

Radøy kommune har i møte 23. 03. 2011 sak 015/11 godkjent framlegg til reguleringsplan for Fløholmen for offentleg ettersyn.

Ein viser til vedlagte dokument :

- Planomtale datert 03. 01. 2011, med plandokument
- Sak 015/11 i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i Radøy kommune
- Nytt plankart datert 05. 05. 2011
- Brev til Radøy kommune datert 28. 07. 2011, med tilleggsopplysningar
- Reguleringsføresegner revidert 28. 07. 2011

Ein vil be om at merknader til planframlegget vert sendt Radøy kommune innan

Eg kan tilby å senda (dei vedlagde) dokumenta og følgjeskriv herifrå, til instansar og personar lista opp i vedlagt adresseliste, dersom kommunen bekreftar at ein vil gå vidare med sakshandsaminga på dette grunnlaget.

Eg vil samstundes be om at kommunen sender meg ei samla gebyroversikt for sakene som har med båthamna å gjera (byggjesak, dispensasjonssak, reguleringsak).

Mvh
Vidar Mjøs
Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg 7b, 5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55598262 mob 90788921

Fra: Tonje Nepstad Epland [<mailto:tonje.epland@radoy.kommune.no>]

Sendt: 14. januar 2015 16:48

Til: Vidar Mjøs

Kopi: 'Håkon Zakariassen'; Lisbeth Alvær; 'Garen Ingelin'; 'Lillebø Sindre'; Kjersti Flatråker

Emne: SV: Fløholmen, 27 / 12, regulering.

Hensikten med oppstartsvarsel er at forhold som er av betydning for planprosessen skal komme fram så tidlig som mulig, før komplett planforslag er utarbeidet. Når kommunen som planmyndighet gjennom oppstartsvarsel blir gjort oppmerksom på problemstillinger som planen må løse, er det riktig at kommunen tar dette opp med planlegger så tidlig som mulig. Det er selvfølgelig opp til forslagsstiller om han likevel ønsker å levere et planforslag som ikke tar hensyn til merknaden, slik det er gjort i denne saken.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
Leiar teknisk forvaltning/Juridisk rådgjevar

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Tlf.dir: 56 34 90 50

E-post: tonje.epland@radoy.kommune.no



Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]

Sendt: 14. januar 2015 16:24

Til: Tonje Nepstad Epland

Kopi: 'Håkon Zakariassen'; Lisbeth Alvær; 'Garen Ingelin'; 'Lillebø Sindre'; Kjersti Flatråker

Emne: SV: Fløholmen, 27 / 12, regulering.

Spørsmål 2 skulle då vera besvart : Kommunen har kopiert frå mi oppsummering av mottekne merknader der eg har sitert utdrag frå vegvesenets brev.

Ein står framleis utan svar på spørsmål 1 :

1. Kva grunnlag hadde administrasjonen for å kunna opplysa at Radøy kommune ville stø Statens vegvesen allereide før planframlegget var innsendt ?

Mvh

Vidar Mjøs

Siv. ing. Vidar Mjøs

Fabrikkg 7b, 5059 Bergen

vidar-mj@online.no

tlf 55598262 mob 90788921

Fra: Tonje Nepstad Epland [<mailto:tonje.epland@radoy.kommune.no>]

Sendt: 14. januar 2015 12:48

Til: Vidar Mjøs

Kopi: 'Håkon Zakariassen'; Lisbeth Alvær; 'Garen Ingelin'; 'Lillebø Sindre'; Kjersti Flatråker

Emne: SV: Fløholmen, 27 / 12, regulering.

Teksten som er teke inn i e-post av 03.01.11 er eit direkte sitat frå Statens Vegvesen sitt brev av 06.12.10.

Teksten som er limt inn i e-post av 03.01.11 er imidlertid klippa frå **dykkar dokument** «Fløholmen, 27 / 12, regulering - kommentar til merknadene på oppstartsvarsel» side 1 pkt 2, som kommunen mottok som vedlegg til dykkar e-post av 29.12.10. Ein kontroll av dykkar dokument vil vise at font, bokstavstorleik og kursiv stemmar med sitatet kommunen har limt inn i e-posten:

2. Statens vegvesen Hordaland, 01. 12. 2010

....vil krevje at planområdet vert utvida slik at fylkesvegen vert inkludert fram til krysset med Marøyvegen.....FV414 er smal og manglar tilbod til mjuke trafikantar. Dersom planområdet vert lagt til rette slik det er skissert i oppstartsvarselet vil dette gje ein auka trafikkmenge på vegen. Statens vegvesen meiner vegen bør oppgraderast før det kan tillatast ein slik trafikkauke. Fylkesvegen bør dimensjonast som einfelts veg med møteplassar og fortau i tråd med håndbok 017.....der vi ser at det ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til merknadene, må Statens vegvesen vurdere å reise motsegn til reguleringsplanen.....

Med helsing

Tonje Nepstad Epland

Leiar teknisk forvaltning/Juridisk rådgjevar

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Tlf.dir: 56 34 90 50

E-post: tonje.epland@radoy.kommune.no



Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]

Sendt: 14. januar 2015 11:49

Til: Tonje Nepstad Epland

Kopi: 'Håkon Zakariassen'; Lisbeth Alvær; 'Garen Ingelin'; 'Lillebø Sindre'

Emne: SV: Fløholmen, 27 / 12, regulering.

Dokumentet som kommunen no har sendt meg er ein scanna kopi av Statens vegvesen sitt brev som er adressert til meg og sendt meg frå Statens vegvesen i papirformat, som svar på mitt orienteringsbrev om oppstart av planarbeid. Originalen ligg i mitt papirarkiv.

Frå dette dokumentet kan kommunen ikkje kopiera digitalt.

Kommunen siterer, uoppfordra og utan logisk grunn, vegvesenet med ein skrifttype som indikerer at sitatet er kopiert digitalt frå eit anna dokument. Sett i samanheng med administrasjonens bastante konklusjon om full og ufråvikeleg støtte til Statens vegvesen allereide før planframlegget er innsendt og lenge før det er lagt fram for politisk handsaming, gjev dette grunn til mistanke om at det ligg føre andre dokument i saka, til dømes referat frå møte mellom kommunen og vegvesenet i (kopierbart) word-format, og / eller notatar etter møte med oppsitjarar langs fylkesvegen, jamfør merknader i samband med søknaden om rammeløyve for småbåthamna.

Eg vil på nytt be kommunen om svar.

Mvh

Vidar Mjøs

Siv. ing. Vidar Mjøs

Fabrikkg 7b, 5059 Bergen

vidar-mj@online.no

tlf 55598262 mob 90788921

Fra: Tonje Nepstad Epland [<mailto:tonje.epland@radoy.kommune.no>]

Sendt: 12. januar 2015 14:55

Til: Vidar Mjøs

Kopi: Håkon Zakariassen; Lisbeth Alvær

Emne: SV: Fløholmen, 27 / 12, regulering.

Sjå vedlagt uttale frå Statens Vegvesen av 01.12.2010.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
Leiar teknisk forvaltning/Juridisk rådgjevar

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Tlf.dir: 56 34 90 50

E-post: tonje.epland@radoy.kommune.no



Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]
Sendt: 12. januar 2015 14:20
Til: Kjersti Flatråker
Kopi: Tonje Nepstad Epland; Håkon Zakariassen
Emne: SV: Fløholmen, 27 / 12, regulering.

Meldinga nedafor er sendt frå kommunen 3. januar 2011 (som svar på spørsmål herifrå om kommunen har motteke andre merknader til oppstart av arbeid med reguleringsplan).

Det vert i denne meldinga – utan at det ligg føre spørsmål herifrå - opplyst at :

Radøy kommune vil stø Statens vegvesen i å *krevje at planområdet vert utvida slik at fylkesvegen vert inkludert fram til krysset med Marøyvegen*

Kommunens melding er sendt før planframlegget datert 3. januar 2011 vart innsendt herifrå til kommunen som vedlegg til epost 6. januar 2011 med følgjeskriv datert 5. januar 2011.

Spørsmål :

2. Kva grunnlag hadde administrasjonen for å kunna opplysa at Radøy kommune ville stø Statens vegvesen allereide før planframlegget var innsendt ?
3. Vegvesenets krav ser ut til å vera kopiert digitalt frå eit anna dokument. Kan kommunen senda meg dette dokumentet ?

Mvh
Vidar Mjøs
Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg 7b, 5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55598262 mob 90788921

Fra: Kjersti Flatråker [<mailto:kjersti.flatraker@radoy.kommune.no>]
Sendt: 3. januar 2011 09:28

Til: 'Vidar Mjøs'
Kopi: 'Tonje Epland'
Emne: SV: Fløholmen, 27 / 12, regulering.

Det er ikkje komme fleire merknader enn desse.

Radøy kommune vil stø Statens vegvesen i å *krevje at planområdet vert utvida slik at fylkesvegen vert inkludert fram til krysset med Marøyvegen*

Med venleg helsing frå
Kjersti Flatråker

Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]
Sendt: 29. desember 2010 15:45
Til: Kjersti Flatraker; Håkon Zakariassen
Kopi: Håkon Zakariassen
Emne: Fløholmen, 27 / 12, regulering.

Vedlagt sender eg kopi av mottekne merknader til oppstartsvarsel, og eit notat med samandrag og vurdering.

Har kommunen teke mot andre merknader ?

Mvh
Vidar Mjøs
Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg 7b, 5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55598262 mob 90788921

No virus found in this message.
Checked by AVG - www.avg.com
Version: 2012.0.2240 / Virus Database: 2641/5745 - Release Date: 04/14/13

No virus found in this incoming message.
Checked by AVG - www.avg.com
Version: 9.0.872 / Virus Database: 271.1.1/3355 - Release Date: 01/02/11 20:34:00